



LAN målar Gammelskulen

Gammelskulen opplever ein renessanse for tida. Han er mykje nytta til ymse arrangement og vert stadig betre vedlikehalden av eigaren Uskedal Utvikling. Såles er det fine huset med historiske aner no under måling - av LAN BYGG. Dei har halde på ei stund, men tidbruken spelar ingen rolle då det vert operert med fast pris, fortel UU-leiinga. I dag har den faste tysdagsopninga funne stad.



Det var fullt hus i dag!

Den understreka i høgste grad at huset er populært, for det vart fullt hus med 54 vaksne og 23 born - ein harmonisk blanding av fastbuande og turistar.

Ferien er ei forklåring på det store innrykket - ei anna forklåring er nok melkekakene til Selma Eik. Ho steikte 80 - men etter ein times tid var dei opetne!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen